


LINDAS KOMMUNE	
Kommunestyret	
03. 05. 2016	
Ark. nr./saknr.	Løp.nr.
16/1522	
Sakerh.	Planarbeid



## *Bjørsvik Bygda Lag*

Søknad om dispensasjon fra arealdel av kommuneplan,  
plankrav og byggeforbudet i 100 metersbeltet langs sjø og  
vassdrag.

Innhald:

- 1: Søknad
- 2: Kartskisse
- 3: Foto slik det er
- 4: Foto slik det kan bli

Kontaktperson:

Bjørn Olav Benjaminsen  
Bjørsvikvegen 85, 5993 Ostereidet  
56354222 41211873  
bbenjam@online.no

## Søknad om dispensasjon frå arealdel av kommuneplan, plankrav og byggeforbudet i 100 metersbeltet langs sjø og vassdrag.

Beskrivelse av tiltaka:

Tiltaka består av utfylling A (ca. 700m<sup>2</sup>). Hensikta med denne er å legge om vei ut til vestsida av Bjørsvik. Denne går i dag mellom gnr 231/28 og 231/36. Denne passasjen er smal- ca. 2meter, og hindrar åtkomst både for nyttekjøretøy og utrykkingskjøretøy til eigedommane på Neset og vestsida av Bjørsvik. (15 hus) Utfylling er planlagt sør for dei to nemnte eigedommane. Areal mellom vei og eigedommane blir grøntareal. Me ønskjer også å oppgradera sjøfronten fram mot tidlegare ferjekai.

Vidare består tiltaket av utfylling B (ca. 1.000 m<sup>2</sup>) innerst i Grunnevågen. Me planlegg her areal for 9-12 naust/garasje i tillegg til eit felles båttopptrekk. Denne opparbeidinga vil erstatta betongbrua over Grunnevågen. Denne brua er smal, ca 2 meter, og i dårlig forfatning, med lave sidekantar med risiko for utforkjøring. I tillegg vaskas masser ut under og rundt brukar. På denne utfyllinga (B) er det også planlagt parkeringsplassar for bilar, noko det er stort behov for då det ikkje er tilkomst for bilar ut på Neset. Det er også behov for parkeringsplassar i samband med småbåthamna og opplagsplassen til d/s Oster.

Me ser også for oss moglegeheit for plassering av reinseanlegg for et framtidig felles kloakkanlegg for bygda i ein av fyllingane.

Samfunnsmessig vil utfylling A og B sørgja for ein trygg og hensiktsmessig vei ut til eigedommane på Neset og vestsida av Bjørsvik, slik at bebuarane kan føla seg trygge på at utrykkingskjøretøy og nyttekjøretøy kan nå ut når og om behovet skulle melda seg.

I arealdel av kommuneplanen er områda avsett til hamn og LNFR. Hamneformålet meiner me ikkje vert tilsidesett då begge områda fjærar tørre og er lite egna til denne bruken i dag. Ei opparbeiding av område B, vil derimot styrkja dette formålet då me tilrettelegg for naust, *som ikkje bind opp sjøfronten, men med ein felles opptrekkss plass for båtar.*

LNFR formålet gjer seg gjeldane i område B. Hensyna bak formålet er i følge Klima og Miljødepartementet sin lovkommentar:

*“Nr. 5 Landbruks-, natur- og friluftsliv formål samt reindrift (LNF(R)-områder) omfattar og skal brukast for områder som skal nyttas eller sikrast til landbruksproduksjon, så som jordbruk, skogbruk og reindrift, og/eller som skal bli liggjande som naturområder og naturområder med spesiell betydning for friluftslivet. Dette er areal som i det vesentlige skal være ubyggd, eller berre bygd i tilknytning til landbruk og reindrift og for bruk av området til friluftsliv.”*

Området består i stor grad av fjære og tilgrensande landområde. Det er i dag ikkje noko landbruksaktivitet på området. Området kan nyttas til natur og friluftsliv, men innehar ikkje store kvalitetar kva dette angår då det er av begrensa omfang. Å leggja tilrette for naust i dette området vil auka nærområdet verdi for friluftsliv der brukarane av området vil få en større og betre tilgang til sjø og friluftsliv relatert til bruk av sjø.


I forhold til Naturmangfaldloven meiner me at omsøkte tiltak ikkje vil vera i strid med denne. Dette etter søk i artsdatabasen.no som ikkje returnerte treff i omsøkte områder.

Samla sett meiner me at hensyna bak bestemmelsane i plan- og bygningslova og arealdel av kommuneplan ikkje vert tilsidesett, samt at omsøkte tiltak vil ha store samfunnsmessige fordelar ved at dei sikrar trygg åtkomst for heile den vestlege delen av Bjørsvik.

27/4-2016

For Bjørsvik Bygdelag:

*Bjørn Olav Benjaminsen*





Bjørsvik med ny fylling



Bjørsvik i dag